Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie

102992

F.F. 10/4-43

## «Dikting under ansvar».

**En beriktigelse.**

Dersom byråsjef Sverre Tveitos innlegg «Dikting under ansvar» hadde vært offentliggjort i «Norsk Arbeidsliv», hvor min artikkel «Ommøblering på Parnasset» stod, vilde enhver bemerkning fra min side vært unødvendig. Jeg kunde trygt overlatt til leserne å dømme. Men da byråsjefen i «Fritt Folk» forvansker mine ord, og påstår at jeg kalte Wergeland en av verdens største diktere, må en beriktigelse være meg tillatt.

«Europa har ikke fostret mange diktere som kan måle seg med Wergeland hvor han når høyest — og hvor så enn de små, selvbestaltede forstå-seg-påere vil plasere ham. Hvor h a n er, der er Parnass. Han tar det eventuelt med seg når han flytter.»

**Kristen Gundelach.**

Fritt Folk 14.4.1943.

# Dikting under ansvar.

**Av byråsjef Sverre Tveito.**

Det er ikkje gjort i ei snøggvending å omskipa eit heilt folkesamfunn. Det er heller ikkje so snøgt gjort å tileigna seg eit samfunnssyn som femner over heile folkesamfunnet.

I dag er kravet til alle samfunnsborgarar i Noreg at dei tek dette arbeidet på seg. Nasjonalsosialismen er ikkje ein samfunnsteori — det er eit livssyn, og ei livstru som fyrst og fremst sermerkjer seg med kravet om ansvar og nasjonalt medvit. Liberalismen gjorde båe desse ting om inkje. Ho er det store vidsynet som alltid spør etter «formildende omstendigheter». Ho er ein landevinnar og liknar alle andre landevinnarar. Ho må rydja rom for sitt eige og rydja bort alt som minner om noko anna, og som landevinnar er ho i sin rett. Det er difor ikkje på slump at den nasjonale viljen i folket vårt har vorte halden nede i den liberalistiske tidi. I eit sterkt nasjonalt folk vil liberalismen aldri vinna rom.

Å atterreisa Noreg er å skapa den store heimkoma, men då er det naudsynt å gjera klart for seg kva som har verd og kva som har rett til å leva inn i den nye tidi. Me må kvitta oss med alt som er til øydeleggjing. Det gjeld med alle ting, men det gjeld fyrst og fremst med dei ting som har størst verknad.

*Eg veit ikkje å nemna noko som i større mun er med å formar folkesjeli enn den litteratur eit folk eig, og eg veit ikkje noko som i større mun avgjer folkelagnaden enn korleis eit folk verdsett diktarane sine.*

Det er ikkje tvil om at det er naudsynt for det norske folket å gjera opp ein status når det gjeld litteraturen, — og eg hadde nær sagt det er turvande å autorisera dei diktarar som har vore og vil vera til hjelp for folket vårt. *Nasjonalsosialismen krev dikting under ansvar,* — og nasjonalsosialismen krev heilskap. Me må difor vera budde på å finna andre diktarar enn dei som hadde mest å segja for den liberalistiske tidi.

Eg såg at ein mann nyleg skreiv eit forsvar for Henrik Wergeland, der han kalla Wergeland ein av verdens største diktarar. Med omsyn til Wergeland og jødane skriv han: — et hvert fornuftig menneske innser at Wergeland ut fra sin tids liberalistiske idealer måtte se helt annerledes på de ting enn vi som et århundre seinere har fått bitre erfaringer for hva jødene bar i sitt skjold og hvilken ulykke det førte over Europa. —».

Det har vore frambore frå lærestolane og hevda i bøker og blad at Wergeland framom annan stridde gjenom tilgjenge til Noreg for jødane. I dag er alle nasjonalsosialistar i minsto samde om at den største ulukka Noreg kjenner, er i røyndi at jødane fekk tilgjenge til landet.

Det er vel diverre ikkje so heilt på slump at det norske folket i den liberalistiske tidsalder kåra denne mannen til nasjonalhelt. Eg kjenner ikkje noko anna folk som har ein nasjonalhelt som jødane har reist gravstein over. Det tener korkje han eller Noreg til æra.

Ein folkeførar må eiga evna til å sjå framover, — Wergeland åtte ikkje denne evna. Tidi har felt domen. Det hjelper oss lite om den same Wergeland har skrive ymist som er vakkert og godt. No treng folket vårt menn med meir heilsyn. Folk som kan mælast med ansvar. All den dikting og dei diktarar me i denne tidi har bruk for, må vera fullt i samsvar med dei evige livslover dette landet er lagt under.

Me har ikkje råd til at halvta karar
skal sitja sessa ved Norigs ror.
(Aukrust.)